



Statens vegvesen

HAMMAR-KAMERATANE AS
Hella 60
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
19/70342-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
12.09.2019

Byggegrense – Dispensasjon – Fv. 525 (tidl. fv. 409) – Gnr. 52 bnr. 25 – Radøy kommune

Vi viser til søknad av 30.08.2019.

Vedtak

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#), gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 525 for å etablere garasje på gnr. 52 bnr. 25 i Radøy kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 29.03.2019.
2. Avstanden frå garasje (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 525 skal vere minst 31,5 meter.
3. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentleg veg. Siktkrav til eigedomens avkøyrsel må følgjast.
4. Bygninga må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær fv. 525.
6. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Tiltaket ligg 31,5 meter frå vegmidte og gjeld søknad om å få legge tak på bygg som skal nyttast til garasje. Etter ei samla vurdering av forholda på staden godkjenner vi omsøkte tiltak.

Retten til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB. 43, 6863 Leikanger eller firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppeteiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
RADØY KOMMUNE, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

Vedlegg

Veglova [§29](#), [§30](#), [§34](#),
Situasjonsplan